



NORSK INSTITUTT FOR
BUNAD OG
FOLKEDRAKT



Årsmelding 2011

Norsk institutt for bunad og folkedrakt
Valdresmusea as

Oppsummering

Det har i 2011 blitt produsert ny utstilling ved instituttet med utgangspunkt i modellbunadane som er innkjøpt gjennom fleire år.

Staben har vore produktive og synlege på mange nye arenaer, med fleire feltarbeid i nordområda som har vore ei prioritert oppgåve i følgje 4-årsplan, samt at digitaliseringa av samlingane har vore ført vidare.

Studiet Drakt og samfunn vart starta opp att i februar i samarbeid med Høgskula i Oslo (no Høgskula i Oslo og Akershus).

Elles har 2011 vore eit år med store utfordringar i høve omveltingar både ved Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Tidlegare dagleg leiar, Anne Kristin Moe, sa opp stillinga si med verknad frå 1. september. Kontorfullmektig Bodil Enger, overtok ansvaret for dei administrative oppgåvene i påvente av at ny leiar vart tilsett.

Økonomisk har det vore noko trонge rammer med utvidinga av staben, men det er gjennomført mange feltarbeid og produsert ny utstilling, som er av dei meir ressurskrevjande tiltaka gjennom året.

DEL I ADMINISTRASJON OG REKNESKAP

1.1 FORMALIA

Bunad- og folkedraktrådet (BFR) vart frå 1. januar 2008 organisert under Valdresmusea as (VM), regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Arbeidet er organisert som ein seksjon med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for VM er endra for å inkludere BFR. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet behold namnet Bunad –og folkedraktrådet (BFR).

Det faglege arbeidet skjer i fagstabben ved NBF, men ein har tilgang på supplerande fagkompetanse og driftspersonale i staben ved museet.

1.2 OFFENTLEG INSTANS

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda var tidlegare organisert direkte under KUD, vi har difor valt å halde fram med same rutinar ang. post og arkivering som tidlegare.

1.3 ADMINISTRASJON

Valdresmusea har hatt følgjande administrasjon i arbeid med NBF i 2010:

Torveig Dahl, direktør, overordna ansvar fram til 31.07.2011

Bente Dalåker, konstituert direktør frå 01.08 til 31.10.2011

Anne Marit Noraker, tilsett som direktør frå 01.11.2011

Valdres Rekneskap AS, rekneskapsføring

Marit Aasen og Angela Bot, reinhaldarar

Museet sine vaktmeistrar og handverkarar bistår etter behov.

Anne Kristin Moe sa opp stillinga si som dagleg leiar ved instituttet med verknad frå 01.09.2011

Bodil Enger har fungert i rolla som dagleg leiar med ansvar for samordninga mellom instituttet og Valdresmusea.

Stian Johan Roland vart den 20.12.2011 tilsett som ny instituttleiar, han byrjar i stillinga i løpet av mars 2012.

1.4 ØKONOMI

NBF har eige budsjett. Leiar har ansvar for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. før registrering og betaling. Direktøren ved VM attesterer for dagleg leiar sine reiserekningar. Det er utarbeidd eige administrasjon - og økonomiinstruks for VM.

Det er ein del inntening ved stordrift gjennom innkjøp, større kundeavtalar m.m. I rekneskapen for 2011 er ein del postar i rekneskapen spesifikke, medan ein del er % -vis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea.

NBF har i 2011 hatt dei største utgiftene sine knytt til produksjon av ny utstilling, auka bemanning og reisekostnader i forbindelse med feltarbeid. Gjennom driftsavtale med KulturIT har NBF support, gode innkjøp av materiell, programvare og drift. Vi disponerer tre lap-toppar for bruk i feltarbeid og anna arbeid i samband med reiser. Desse er kopla opp mot Primus og VM sin harddisk, slik at ein kan legge registreringar direkte inn i Primus. Dette reduserer mykje av etterarbeidet knytt til feltarbeid. Problemet her er det mobile breibandet vi nyttar, som ikkje har like god dekning alle stadar i landet. Her må det til ei endring for at dette skal bli ei god løysing i framtida. Ettersom feltarbeid er så viktig for verksemda vår, er det viktig at dei blir gjennomført mest mogeleg rasjonelt.

Styret vedtek ein årleg sum for innkjøp av modellbunader til samlingane. Det blir her prioritert å kjøpe inn av dei draktene som er rekonstruert i samarbeid med instituttet. Dette ligg i reskontroen og samlast over fleire år om det ikkje blir brukt, det har til saman vorte brukt kr. **62 315** i 2011, basert på bestillingar frå tidlegare år, samt noko nyinnkjøp i samband med ny utstilling.

Økonomisk ramme for 2011 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr. **3 559 000**, det var kr 31 059 i eigne inntekter, slik at den totale ramma i 2011 var kr. **3 590 059**. I 2011 har det vore to sterke prioriteringar i høve budsjettdisponeringa: utvida fast bemanning og produksjon av ny utstilling.

Stoda for 2011 var om lag som i 2010 med ein prosentauke frå KD tilsvarande prisauke (4 %). Med ei utviding av stab er personalkostnadane forsatt ein stor del av totalramma (73,8 %, tilsv. 75 % i 2010).

DEL II INSTITUTTET

I 2011 har Norsk institutt for bunad og folkedrakt hatt 5 faste heiltids stillingar:

Anne Kristin Moe Dagleg leiar, fram til 1.september

Tordis Gjevre 1. Konsulent

Kristin Gulbrandsen Fagkonsulent

Camilla Rudrud Formidlingsansvarleg
Bodil Enger Kontorfullmektig/ fungerande dagleg leiar frå 1.september

Engasjement i 2011:

Ragnild Ranheim Lome har arbeida 20% som **arkivassistent** knytt til konvertering av cardbox-registreringane og utlegging av registreringane på Digitalt Museum.

Maria Lund har arbeida deltid i samarbeid med NAV fram til mai, sidan har ho arbeida ved NBF på eige initiativ, spesielt med fotosamlinga.

Kari Ranheim Lome har arbeida eit månadsverk (sumarjobb) med digitalisering.

Reidun Fløgstad har arbeida med digitalisering i tidsrommet 1.september til 31.desember. Til dette engasjementet vart det brukt av ledige lønnsmidlar etter at dagleg leiar slutta.

DEL III MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSMÅL

1. HOVUDMÅL

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forsking og formidling av folkedrakt og bunad. Jfr. avtalen mellom Valdresmusea og KUD skal NBF "Arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar" (pkt.3.1). Vårt hovudmål er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, og bruk og tilverking av desse drakttypene.

2. DELMÅL

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber føljande delmål for institusjonen (nivå 1):

- Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet,
- *Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å gje råd om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader,*
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

2.1 Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av dokumentasjonssamlingane.

2.1.1 Giennomføre minimum fire feltarbeid med primusregistrering

REGISTRERING

Registreringsarbeid i felt i 2011 tilsvavar 106 dagsverk.

Fylgjande feltarbeid har vore gjennomført i 2011:

Setesdal	23.mai-27.mai	375 reg.
Nordland, Sør Helgeland	6.juni-9.juni	188 reg.
Bagn Bygdesamling	12.mai.	42 reg.
Troms	19.sept-22.sept	182 reg.
Rendalen	10.okt-13.okt	508 reg.
Nordland, Lofoten/Vesterålen	31.okt-3.nov	288 reg.



Kristin Gulbrandsen ved NBF på felter arbeid i Vesterålen i 2011. Foto Camilla Rudrud

Pr. 31.12.11 har NBF totalt 67 768 registreringar. Tilveksten i 2011 er på 2192 gjenstandar:

1 583 registreringar frå felter arbeid (sjå ovanfor).

Ved sidan av dette har vi registrert 524 foto som vi for nokre år attende fekk deponert etter Klara Semb.

I tillegg er det registrert 4 plagg på Norsk Folkemuseum i samband med eit pågåande rekonstruksjonsprosjekt i Østfold, og 80 registreringar av klede utført på instituttet.

Ein del av registreringane som er utført i 2011 har ikkje blitt innført i Primus. Dette fordi det ikkje er nok ressursar i forhold til arbeidsmengda instituttet har med dette. Ferdigstillinga vil skje i løpet av våren 2012, før nye felter arbeid tek til.

FOTO

Pr. 31.12.2011 består NBF si fotosamling av 266 445 bilde:

Analoge bilde	2210 filmar x 35 bilde	77 350 bilde
Analoge bilde frå Sunnfjord Museum		623 bilde
Digitale bilde		127 988 bilde
Svart-kvitt negativar	985 filmar x 35 bilde	34 475 bilde
NBFs lysbilde		20 731 bilde
Foto e. Klara Semb		524 bilde
Foto e. Norsk bunadleksikon		754 bilde

Tilveksten på foto i 2011 er på 7 687 bilder.

Nye registreringsfoto	4 596 bilde
Nye foto til gamle registreringa frå Cardbox	2 691 bilde

Div. (modellbunader, saksbehandling, saumforkl. m.m.) 400 bilde

MØNSTER

Pr.31.12.11 består NBFs mønsterarkiv av 533 mønster

Originalmønster m. saumforklaring	397
Graderte mønster	119
Skisser	446
Vev- og broderimønster	22

Tilveksten i mønsterarkivet er i 2011 på 44 mønster.

Nordland	Snøreliv(b) Halvskjorte Kjoleliv(k) Barnesko Vest(m) 2 skinntrøye(m) Skinnbrok(m)
----------	---

Rendalen	Lue(k) Gamasje(k) Gamasje(m) Nattlue(k) 2 lue(k) Skyggelue(m)
----------	--

Setesdal	Vest(m) Trøye(k) Trøye(k) Skjorte(k)
----------	---

Follo	Kjol(m)
-------	---------

Sør-Valdres	4 luer(k) 5 liv(k) 2 stakkar(k) Kep(k)
-------------	---

Østfold	2 lommer(k) Lue(k) Stakk(k) 2 kep(k)
---------	---

Strikk/vevoppskrift	Lomme 3 plukkbånd, liv Plukkbånd, selar Strømper
---------------------	---



Lomme frå Os i Nord-Østerdalen.
Mørkebrun vadmal på framsida pryda med rosemotiv. Taggekant i skinn øvst.



Kvinneliv frå Vennesla i Vest-Agder,
som viser overgangen frå rokokkomoten
på slutten av 1700-talet til empiremoten
på byrjinga av 1800-talet..



Liv frå Fusa i Midhordland, fyrste
halvdel av 1800-talet.

2.1.2 Digitalisering av samlingane

Konvertering frå Cardbox til Primus vart ferdigstilt i desember 2010. Staben har utarbeidd ein nomenklatur til registreringane i Primus. Det store oppryddingsarbeidet med å gje gjenstandane rett nemning, presisert nemning og draktområde vart påbyrja i 2010.

I år er vi kome eit godt stykkje på veg med oppryddinga i Primus. Det har blitt lettare å søkje i Primus etter at vi har rydda opp i stadnamn, draktområde og betegnelseslista, samt sakte, men sikkert eigarskaplista. Dette gjer og samanlikninga og identifiseringa med Cardbox-registreringane og dermed og fysiske registreringskort lettare, då den enkelte registreringa lettare kan oppsporast. Frå før var det mogleg å søkja opp fotonummer i både Primus og Cardbox, men søkjinga er lettare, om ein har fleire søkerkriteriar.

I år har vi og publisert registreringane frå 2007-2010 på Digital Museum. Vi skal i 2012 og framover legge ut fleire registreringar løpende (år for år), etter kvart som dei blir klargjorde. For å setje dette års arbeid i eit perspektiv: Vi har i år lagt inn bilde frå åra 1970 til 1987 (samt dei som leggast inn digitalt 2004-2011). Det vil seie at vi har lagt inn 17 år av dei 33 åra som skal leggast inn. Det kan altså sjå ut som vi er kome omtrent halvvegs, men då har vi ikkje regna med alle dei registreringane utan lett identifiserbar bildereferanse. Dette er en heil del. Med eigarskapsoppryddinga tek det lenger tid. Her har vi lagt inn frå 2004-2006, altså 3 år av dei 46 åra (1960-2006). Her har vi heller ikkje påberekna alle registreringane. Dette er eit langvarig prosjekt.

Tilveksten på scanna bilde i 2011 er 4 785 bilde.

Gjenståande registreringsfoto (som ikkje er scanna): 1 214 filmar à 35 bilde =42 490

Om ein reknar at ein kan få scanna ca 5 000 bilde kvart år vil det seie at det vil ta ca 8 år før dette arbeidet er avslutta.

Pr. 31.12.11 har NBF 876 bøker, 695 tidsskrift og 768 småskrift.

Av desse er 431 digitalt registrert, slik at dei er søkbare på nett.

Tilveksten har i 2010 vore på 14 bøker, 21 tidsskrift og 8 småskrift.

2.1.3 Reorganisere stoff- og kjeldearkiv

Arbeidet med å reorganisere stoffarkivet er nesten ferdigstilt. Nye stoff/materialprøver er henta inn, blant anna ved besøk på Norges Varemesse, Lillestrøm og ved Hagtex, Oslo. Dei vil kome på fast plass når nytt reolsystem blir levert oss våren 2012.

2.1.4 Anna

- **Pr. 31.12.11 har NBF 24 dvd-ar.**

Alt materiale i andre format vart konvertert til dvd i 2009.

Tilveksten i 2011 var på ein dvd (frå Setesdal).

- **Pr. 31.12.2011 har NBF 53 modellbunader og 8 folkedrakter.**

Tilveksten er på 2 modellbunader og 1 gammal bunad(gåve) i 2011:

Sunnfjord(m), rekonstruert. Delar av denne bunaden har ligge her uregistrert og betalt i fleire år i påvente av resterande plagg. Dei kom i 2011, og han vart difor

innført då.

Sogn(k), rekonstruert. Denne er teke med i rapporten for 2010, men han kom ikkje hit før enn våren 2011 då han vart innført, og siste del av summen vart betalt.

Valdres(k), nasjonaldrakt. Gjeven til instituttet som gāve.

- **Pr.31.12.2011 har NBF 879 plaggdelar i eige.**

Av desse er tilfanget i 2011 på 62 plaggdelar.

2.2. Formidle kunnskap frå arbeidet og om fagfeltet

2.2.1 Publisere minimum tre artiklar

Det er publisert ein artikkel i 2011: "Rosesaumens historiske tråd", By og bygd nr.44, Norsk Folkemuseum, Oslo.

På grunn av arbeidet med ny utstilling og tekstskriving til denne, samt at instituttet i siste halvår har vore fagleg underbemannaa, har ikkje publisering av artiklar vore prioritert område.

2.2.2 Drakt og samfunn

Det er gjennomført 3 samlingar ved studiet Drakt og samfunn 1, to ved instituttet på Fagernes og ei samling i Oslo. Det byrja 8 studentar, 6 av dei gjekk opp til eksamen og bestod.

I samband med studiet vart det laga 3 nye førelesingar, og det er utarbeida ny studieplan for Drakt og samfunn 2 i samarbeid med HiOA, samt oversikt over økonomisk fordeling. Drakt og samfunn 2 vil få oppstart hausten 2012.

2.2.3 Arbeide for praktisk opplæring

Bunadopplæringa har vore eit samarbeid mellom NBF, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Dei har saman tilbydd ei modulbasert opplæring innanfor bunadtilverkarfaget. NBF valde hausten 2011 å trekka seg ut av det vidare samarbeidet i Bunadopplæringa. Årsaken til dette er at vi ynskjer å rette merksemda vår, og auke ressurstilgangen til arbeidet med dokumentasjon. Og vi bør i større grad prioritere meir tid og innsats på vanskeleg tilgjengelege teknikkar og formidling innanfor dette feltet. Vi har gjeve melding om at vi sjølv sagt stiller oss positive til å bli brukt i ulik undervisnings- og foredragssamanhang vedrørande den vidare kursrekjkje.

2.2.4 Produksjon av ny utstilling

Vinteren og våren 2011 vart det arbeida med ny draktutstilling. Formidlingsansvarleg utarbeida plan for ombygging, skreiv tekstar og utarbeida mal for design. Formålet med ny utstilling var å opne opp for grupper, gje utstillinga ei meir moderne og tidsriktig form, samt å tydeleggjere formidlinga av sentrale arbeidsområder ved NBF. Utstillinga er no delt i ei fast og ei skiftande utstilling. Vi reknar med å skifte utstilling om lag kvart 3. eller 4. år, innanfor rammene av formidlingsbudsjettet.



2.2.5 Formidle aktivitetar gjennom nettsider

NBF held nettsida fortløpande oppdatert om eigne, og til dels andre sine aktivitetar innanfor bunadfeltet.

Det vart hausten 2011 oppretta eigne sider for NBF på Facebook Twitter.

2.2.6 Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil hadde si fjerde samling på Salhus utanfor Bergen. Temaet her var bevaring og oppbevaring av gamle tekstilar. To av konsulentane ved NBF deltok.

15. oktober 2011 vart det send ein søknad til Norsk kulturråd etter anbefaling frå Bunad- og folkedraktrådet. Formidlingsansvarleg laga forslag om eit nytt prosjekt, som det vart søkt midlar til. NBF vart tildelt 95,000,- kr. for 2012 til utarbeiding av kursrekkjer for drakt og tekstilkunnskap, samt Primusopplæring for museumstilsette i nettverket. NBF søker etter nye midlar hausten 2012 for gjennomføring av kursrekkjene i 2013.

2.2.7 Anna

- NBF har i 2011 fått mediadekning i følgande presse:
Bunadtrendar i *Budstikka Asker og Bærum* (u.d.); Bunadshistorie i *Den fleirkulturelle avisas Utrop* (u.d.); Hundebunad i *Dagbladet* (10.mai); Utstillingsopning i *Oppland Arbeiderblad* (10.mai); Utstilingsopning i *Avisa Valdres* (10.mai); Bunadparaplyar i *VG* (11.mai); [Bunadbruk](#) på [nrk.no](#) (12.mai); Utflagging og kopibunader i *Dagbladet* (12.mai); Radiodebatt om kopibunader i Norgesmagasinet på *Radio Norge* (12.mai); [Om bunadbruk](#) i *Dagbladet.no* (13.mai); Bunadshistorie i *Fredrikstad blad* (14.mai); Bunadtips i Banden på *NRK P3* (15.mai); Om bunadbruk og piratkopiering, *P2 Ekko* (16.mai); *NRK P1 Møre og Romsdal*; Replikk om piratkopiering i *Aftenposten* (16.mai); intervju i Danmarks radio i magasinet "Europa lige nu", (19. Mai); *Brønnøysunds avis* (10.juni); Magasinet Bunad *omtale av ny utstilling* (sept.); Nye Troms og Nordlys(24.sept); Østerdølen og Rendalsnytt(19.okt); Vesterålen Avis, Nordland(5.nov).

- Solfrid Trydal Johansen, bachelor-student ved NTNU i Trondheim, hospiterte ved NBF i 4 veker i februar/mars. Etter opphaldet ved instituttet skreiv ho prosjektoppgåva *"Rekonstruksjon av folkedrakter"*, som omhandla rekonstruksjonsarbeidet ved NBF, metodar og drøfting.
- To av dei ansatte deltok på seminar med Pernilla Rasmussen "Skräddaren, sömmerskan och modet: arbetsmetoder och arbetsdelning i tilverkningen av kvinnlig dräkt 1770-1830" ved Borås Textilmuseum, i regi av den Svenske Folkdansringen, den 14.-16. oktober.
- Dagleg leiar deltok på fagkonferansen "Makt og museum", Lillehammer 27.-29. januar.
- Formidlingsansvarleg deltok på Senter for immateriell kulturarv (SIKA) si samling "Løfte håndverket" i Kautokeino 13.-15. desember.
- Dagleg leiar held foredrag i Vestfold Husflidslag i Larvik 22. januar.
- 1.konsulenten har halde to foredrag i forkant av feltarbeid. Det eine på årsmøte i Nordland Husflidslag, Bodø og det andre for Hemsedal Husflidslag og Bondekvinnelag.
- Formidlingsansvarleg held foredrag om NBF sitt arbeid med ny draktutstilling på Museumspedagogisk fagdag i Oslo 11. april.
- Representantar frå NBF har ellers delteke på :
 - Norsk Folkedraktforum si årskonferanse i Orkdal, Sør-Trøndelag, 25.-27. mars.
 - Stand med plakatar, bøker og brosjyrar på Rakfiskfestivalen, Fagernes, 5.november.
 - 10-årsjubileumet til Studieforbundet Kultur og tradisjon, Vågå, 2.september.
- Laila Duràn lanserte boka si "Scandinavian Folklore" under opninga av utstilling til NBF den 7. mai. Mange av instituttet sine modellbunader er å finne i boka. Dagleg leiar stod ansvarleg for tekstskriving til dei norske draktene.
- I veka 30/31 fotograferte Laila Duran fleire av våre modellbunader samt ein del av våre gamle folkedrakter. Ho er no i gang med arbeidet med *Scandinavian Folklore 2*.

2.3. Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å gje råd om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader.

2.3.1. Svare på konkrete førespurnader og ta i mot dei som ynskjer å besøke NBF

I 2011 har det kome 233 e-post-henvendingar til post@bunadogfolkedrakt.no. I tillegg har det kome ein del henvendingar direkte til dei tilsette, både på e-post og telefon. Ein gjennomgang av spørsmål viser at det også i 2011 er flest spørsmål som omhandlar identifikasjon av drakt, samt kva som er lov / høyrer til ein bestemt bunad. Det har også vore nokre spørsmål om folkedraktskikk, kvar ein får tak i bunad/ material og om det finns kurs i bunadsaum.

NBF har hatt besök i samband med følgjande prosjekt:

Joar Vaage, saum av skinnbrok
 Mandal Veveri, Lisa Ø. Gustaffson – produksjon, kalemank.
 Norsk Flid – produksjon av barnebunad.

Bjørg Hovland – i forbindelse med utstilling av kvinnebunad frå Sogn.
Marit Rysstad/Liv Berit Kaasa, besøk i arkivet.
Randi Myrum/Inger Petersen, besøk i arkivet.
Kari og Birgit Steinsrud, vugleining i perlearbeid.
Inger Norunn Solhaug, sylvsmed – besøk i arkivet.
Follo Mannsbunadkomité, gjennomgang av mørnster.
Hanna Smette, gjennomgang av mørnster.
Magny S. Karlberg, mørnster kep, Sør-Valdres.
Annemor Sundbø – besøk i arkivet.
Liv Skattebo – skjortesaum.
Laila Thastum, rådgjeving – vev.
Mona Dalen m.fl. – rutatøy, Valdres.
Eli Grøndalen – rådgjeving, Hemsedal.
Kjelfrid Ribe/Gunhild Breen, skjorte.
Elevar frå Valdres vdg.skule, tekstil og design.
Marie Berger, elev ved Høgskula i Telemark, avd. Rauland.
Husfliden Hallingdal, omvisning og besøk i arkiva.
Aagot Noss, bokprosjekt.
Jeanett Ulvedalen, bokprosjekt om draktskikken i Østfold.
Torill Fosnes, draktfunn – barnekled.

2.3.2. Fylgje opp rekonstruksjonsarbeid

NBF har ved fleire høve hatt rettleiingsbesøk om rekonstruksjon i 2011:

Mannsbunad, Østfold. v/Turid Gilland
Kvinnebunad, Østfold. v/Kari Filberg
Kvinnebunad, Sunnmøre. v/Bjørg Astrid Rørstad
Kvinnebunad, Sør-Valdres. v/ Asta Karin Kampen
Kvinnebunad, Fusa. v/ Else Bodil Gjøn

Medrekna einskildpersonar, studentar og forelesarar, har vi til saman hatt 275 besøkjande i 2011. I tillegg kjem alle som har sett utstillingane som del av museumsbesøket gjennom året. Valdresmusea hadde i 2011 eit besøkstal på i underkant av 40 000, der ein svært stor del har sett bunadsutstillinga.

2.3.3 Anna

- Utprøving av ny kalemank-kvalitet frå Mandal Veveri AS. NBF mottok nokre meter av den nye kvaliteten for utprøving i plagg. Av dette er det skore og sydd opp ein stakk, ein kep, ei trøye og eit liv. Noko arbeid står ved årsskiftet att på kepen og trøya.

2.4 Vere sekretariat for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Bunad –og folkedraktrådet har i 2011 vore samansett av desse personane:

Kjærsti Gangsø , dagleg leiar, Studieforbunadet kultur og tradisjon	-rådsleiar
Kari Anne Pedersen , Konservator drakt og tekstil, Norsk Folkemuseum	-medlem
Kirsten Røvig Håberg , Fyrstelektor, HiOA	-medlem
Atle Ove Martinussen , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-medlem
Tommy Olsson , Herreskreddar, kostymemaker ved Det Norske Teateret	-medlem
Mari Røgmoen , Fyrstelektor ved Høgskula i Telemark, Inst. for folkekultur	-varamedlem

Arne Nerjordet, Designar "Arne & Carlos"

-varamedlem

Møtedatoar:

Møte 1: 2011 10. mars, Oslo

Møte 2: 2011 24.-25. mai, Salhus

Møte 3: 2011 1. desember, Oslo

Bunad- og folkedraktrådet har i 2011 som føregående år vore ein samtalepartner for NBF i spørsmål som gjeld BFR sine arbeidsoppgåver. Rådet har handsama årsrapport, rekneskap og budsjett og vore aktive medspelarar i arbeid med søknad til Norsk Kulturråd. Etter fleire år vart det vedteken ein 4-årsplan som legg føringar fram i tid. Denne er utgangspunkt for årlege handlingsplanar. Det har i 2011 vore nær og god kontakt mellom Rådet ved rådsleiar og Valdresmusea ved direktør og styreleiar.

Rådet har i melding til Kulturdepartementet uttrykt behov for auka ressurstilgang til NBF.

Fagernes 24. februar 2011

Bodil Enger

Fungerande dagleg leiar NBF

Anne Marit Noraker

Direktør VM